

PROTOKOLL

MØTE I LEVELD, TORPO OG ÅL SOKNERÅD 31.8.2022 kl.17:00-19:00 – ÅL KYRKJESTUGU

Tilstades: Einar Brattegard, Else Karin Veslegard, Birger Bolstad, Wenche Smestad, Liv Margit Sørboen, Geir Wiknes, Torfinn Slåtto, Anne Kjersti Frøyen, Wenche Skår-Ekse

Opning v/Geir: Konfirmantressursar for heile livet

Saksnr.		Ansvar
40/22	Godkjenning av innkalling og protokoll Ingen merknadar til innkalling, sakliste eller protokoll.	
41/22	Ofringar i gudstenesta Ofring har ein definert plass i gudstenester med nattverd. Når det ikkje er nattverd skal ofringa normalt takast opp etter forbøna i samsvar med tidlegare vedtak. Konfirmantgudstenester er spesielle. Her vil soknerådet opne for at ofringa kan takast opp under siste salme. Det bør vere opplyst om Vipps-nummeret i program. I tillegg går rådet inn for å slå opp nummeret nedst på salmetavla som ei midlertidig ordning.	Staben
42/22	Bruk av kyrkja til konsertar og liknande Soknerådet skal ta stilling til alle søknader om utlån av kyrkja til ulike arrangement. Vi tolkar dette slik at rådet eller AU skal godkjenne slik bruk og reknar med at dette blir følgd opp framover.	
43/22	Kjøp av konfirmantkapper Det er behov for å kjøpe inn 6 stk nye konfirmantkapper. Soknerådet dekkjer denne kostnaden og fordeler med 50-25-25% på kvart sokn.	Staben
44/22	Andre gudstenester jul/advent Kan me finne på noko for å samle fleire folk i aldersgruppa 18-30 år? <ul style="list-style-type: none">• arrangere gudstenester ute, t.d. på torget• andre tidspunkt• annan musikk• temakvelder Soknerådet er positive til dette innspelet. Me ynskjer at staben i fyrste omgang arbeider vidare med ei gudsteneste på torget eller i Myren ein dag i julehandelen i samarbeid med handelsstanden. Geir ser på andre konkrete framlegg som kan takast opp i eit seinare møte.	Geir
45/22	Konfirmantnamn i kyrkjerommet Tidlegare har konfirmantane skrive namnet sitt på ein stein som ligg på altaret gjennom året. Me bør fortsetje å ha namnet til konfirmantane i kyrkjerommet. Dette kan gjerne hengast opp bak i kyrkjerommet på ei list eller liknande. Det er forslag om å bruke skiver av ei grann bjørkestamme (diameter mellom 5 og 12 cm). Me har ein intensjon om å gjere noko liknande med namna på dåpsborn.	Staben Birger
46/22	Tilskot trusopplæring Bruken av pengane frå gjevartenesta må forankrast i soknerådet. Det vart gjort eit vedtak i fellesrådet om bruk av pengane til 20% stilling som kyrkjelydspedagog. Soknerådet vil ikkje opne for slik bruk av pengane før dette er betre handsama i rådet.	
47/22	Regnbogemesse Skal me arrangere ei regnbogemesse i samband med Pride-veka i Hallingdal i oktober? Fleirtalet i soknerådet (7-2) vil støtte opp om at soknepresten arbeider meir med å gjennomføre ei regnbogemesse i Ål kyrkje. Dette blir i tillegg til dei forordna gudstenestene.	Geir
48/22	Meldingar Møtet som var sett opp til 28.sept blir flytta til 27.sept.	

49/22

Eventuelt

Torfinn informerte om utviklinga når det gjeld ungdomsklubb. Status er no at me må gje opp forsøket på å samarbeide med Normisjon og Håp. Særleg Normisjon arbeider vidare med oppstart av ungdomsklubb. Me må kome attende til om og korleis kyrkja skal støtte dette tiltaket.

Neste møte: 27.sept kl 17:00

Referent: Torfinn Slåtto